

Jill Bjarke og Atle Houg Ringheim
Strandbakken 21
5101 Eidsvågneset

05.februar 2023

Asplan Viak AS
Sundrejordet 4
3570 Ål

Kopi
Vang kommune

Merknader til planarbeid Børrelie 3.

Me viser til mottatt varsel om oppstart planarbeid frå Asplan Viak, datert 09.12.22, poststempla 12.01.23, samt mail fra Asplan Viak datert 18.01.23 som set ny frist for innspel/merknader til 12.02.23.

Me er eigarar av Otrølie 17 som grensar direkte til Otrølie. Veglekamen går delvis inn på vår eigedom, samt at det ved "oppgradering" av vegen ifm etablering av Tenlelie, vart etablert eit dreneringsanlegg/grøft som i all hovudsak er lagt inn på vår eigedom uten nærare varsel. Me ser oss difor direkte berørt av det varsla planarbeidet.

Bakgrunn for våre merknader er forankret i tilsendt dokumentasjon; «Varsel om oppstart av planarbeid: Endring av del av reguleringsplan for Børrelia 1 og Tenlelie.»

Innledningsvis er det vanskeleg å forstå kva som ligg i omgrepet «optimalisera grøn struktur.» Vidare er det også uklart kva som lagt til grunn når det vert vurdert til å ikkje vera krav til planprogram og konsekvensutgreiing, all den tid ei yttarlegare utbygging/fortetting i området medfører nedbygging av grøn struktur og fleire vesentlege ulemper, sjå nærare utgreiing, med innspel i punkt 1 til 4 under:

1. Planområdet:

Planområdet er i all hovudsak myr, eller myrlendt område, med delvis vegetasjon av fjellbjørk. Slik området no ligg er det ein naturleg grøn oase mellom Gudbrandslie, Børrelie 1 og Børrelie 2/Tenlelie som er viktig som friareal for dyrelivet i området. Det å ivareta dyrelivet har tidlegare vore brukt som argument for større tomter og rom mellom tomtene. Intensjonen i dette har diverre ikkje blitt fulgt opp all den tid ein har tillete deling/bygging av to hytter på same tomt i Gudbrandslie. Dess større utnyttelse ein har i eit område, dess større negativ konsekvens vil det ha på dyrelivet.

Som nevnt er store delar av planarealet myr. Det har dei seinare åra vore aukande merksemd på dei negative følgjene av nedbygging av myr, både ved at nedbygging av myr medfører store utslepp av CO₂, tap av myra sin funksjon som lager for CO₂, som ein viktig levestad for ei rekkje raudlista artar; insekt, plantar og fuglar. Fleire artar er utryddingstrua som ein direkte konsekvens av nedbygging av myrlandskap.

Vidare har myr ein flaumdempande effekt ved at den sug opp og bidreg til å forsinka oppfylling av vassdraga. Styresmaktene; både til dømes Regjering, Statforvaltar og Miljødirektoratet har stor, og aukande merksemd på å hindra nedbygging av myr. Miljødirektoratet tilrår forbod mot nedbygging av myrlandskap. Det vert peika på at utfordringa er vel så stor med nedbygging av mange mindre myrlandskap enn ved større myrreal, då desse får lita merksemd.

Stortinget har bede Regjeringa leggja fram forslag om forbod mot nedbygging av myr til utbyggingsføre mål innan utgangen av 2023.

Både Gudbrandslie, Børrelie 2 og Tenlelie er i all hovudsak utbygd på myrlandskap. Det er altså bygd ned vesentleg areal med myr i området allereide.

Det er eit paradoks om ein tillet utbygging på områder som gjev direkte CO₂ utslepp og bidreg til klimaendringar og kortare vintrar når det er nettopp vintersport ein ynskjer å tilby på Tyin, også dei neste 50 - 100 åra vil me tru. Det er rikeleg med areal i området Tyinkryss som er eigna til utbygging utan at det går ut over myrlandskapet.

Som nevnt bidreg myrlandskap til å førebyggja flaum. Det vart på 2000-talet, slik me har forstått det, lagt ned byggjeforbod på nederste tomta i Børrelie 2 som fylgje av gjennomført ROS-analyse som peika på risiko for

sørpeskred. Med bakgrunn i ein ny analyse på eit seinare tidspunkt vart byggjeforbodet omgjort. Nedbygging av myr kombinert med våtare vintrar kan få direkte konsekvens for eigedom/hytter som ligg langs bekken som går gjennom planområdet.

Det var ikkje teke omsyn til nedbygging av myr langs bekken gjennom planområdet i ROS-analysen som medførte omgjerding av det nevnte byggjeforbodet.

Våre innspel:

Utbygging av hytteområder på Tyin må ikkje medføra nedbygging av myr.

Vidare planarbeid vert utsett til det er endeleg avklara kva eit eventuelt forbod mot nedbygging av myr frå Regjeringa vil ha å seie.

Det må gjerast ein ny ROS-analyse med omsyn til risiko for flaum og sørpeskred i området.

2. Vegtilkomst

Det vert i planforslaget åpna opp for tilkomst via Børrelie 2 (Otrølie) og Tenlelie.

Vegen gjennom Børrelie 2, Otrølie, vart ifm etablering av hyttefeltet i Tenlelie rusta noko opp slik at vegen skulle vere meir tenleg.

Til tross for den opprustinga, er store delar av vegen framleis svært smal, bratt og med fleire svært uoversiktelege svingar. Det er også mykje overvatn som renn over vegen då det er svært mangelfullt tilrettelagt for handtering av overvatn, noko som gjer at vegen kan bli svært glatt om vinteren.



Biletet viser overvatn og is som fylgje av manglande drenering/grøfting langs vegen gjennom Børrelie 2 (Otrølie) januar 2022.

Vegen er ikkje tilstrekkeleg tilpassa den trafikken som er på denne no, og dersom fleire hytter skal nytta denne vegen vil det medføra ein vesentleg auke i risiko.

Det er svært lite rom for å utvide vegen utan at ein kjem inn på eigedomane langs vegen, ein må i så fall gå i dialog med den einskilde eigar evt oreigna areal til utviding av vegen.

Skiløypa kryssar vegen 2 stader; Gamlestøgavegen og Otrølie, noko som også medfører risiko for hendingar.

Infrastruktur for vatn og avlaup er i all hovudsak lagt under vegen, og det har tidlegare vore utfordringar med frost. Vegen er også lite stabil, spesielt ved kummar/kryss i vass-/avlaupsrøyr, noko som medfører hol og skadar i vegdekket.

Det er nærliggjande å tru at ein auke i trafikk på vegen vil medføre ytterlegare risiko for skade på veg-lekamen og underliggjande infrastruktur (vass-/avlaupsrøyr).

Våre innspel:

Dersom ein vel å gå vidare med planprosessen må tilkomst til området skje via Gudbrandslie. Vegen der er meir tenleg enn Otrølie, då den er vesentleg breiare, har mindre stigning og betre kurvatur.

Vegen i Gudbrandslie er også bygd med ein anna standard enn Otrølie, både sjølve veg-lekamen, men også med omsyn til grøfting/handtering av overvatn.

Ved å nytta tilkomst via Gudbrandslie vil ein også unngå risiko ved unødvendig kryssing med skiløype.

Dersom ein vel å gå vidare med vegløyising gjennom Otrølie/Tenlelie må det gjereast ei fagleg vurdering av risiko for skade på veg og infrastruktur for vatn og avlaup i Otrølie som fylgje av auke i trafikk.

Vegen må vidare vesentleg oppgraderast for å få betre kurvatur og breidde.

3. Drikkevatn

Kvalitet på drikkevatnet har vore i jevnleg utfordring over fleire år, dette gjeld særleg farge og smak. Seinast i februar 2022 kom det melding om vanskar med drikkevatnet frå kommunen. Drikkevatnet har både før og etter den tid hatt farge og smak som ikkje er i tråd med krava i drikkevannsforskriften: «*Vannverkseieren skal sikre at drikkevannet er helsemessig trygt, klart og uten fremtredende lukt, smak og farge.*» Det er usikkert kva handlingsrom kommunen har med omsyn til å handtera manglar i vassforsyninga.

Me har notert at det er pågåande arbeid med å betra tilgangen til drikkevatn i området, jamfør referat frå oppstartsmøtet.

Vårt innspel:

Kvaliteten på drikkevatnet må vere dokumentert stabilt god, og i samsvar med krava i drikkevannsforskriften *over tid* før det vert gjeve høve til yttarlegare utbygging i området.

4. Ymse:

I referatet frå oppstartsmøtet kjem det fram at det vert vurdert tilbringerheis frå området. Ein heis vil vere svært synleg frå eit stort fjellområde, likeins vil det gje eit vesentleg støybidrag i det same området.

Vårt innspel:

Ei eventuell framtidig utbygging av heis må konsekvensutgreiast, då spesielt med omsyn til støyforureininga ei slik etablering vil føra til både for menneske og dyreliv.

Avslutning:

Det vert i saksunderlaget pekt på «rekreasjonsmulighetene» i området. Slik planforslaget føreligg med nedbygging av grøntareal og myrområde, svært høg utnyttingsgrad, med tilhøyrande veg, støy og negativ påverknad på dyreliv vert rekreasjonsområdet vesentleg forringa.

Vyrdsamt,

Jill Bjarke og Atle Houg Ringheim

Kjelder:

[Derfor er myr og våtmark viktige - regjeringen.no](#)

[Hindre nedbygging myr.pdf](#)

[Vurdering av virkemidler for å hindre nedbygging av myr - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

[Myra er viktig for naturmangfold og klima | Statsforvalteren i Innlandet](#)

[Meld. St. 14 \(2015–2016\) - regjeringen.no](#)